

Mandat

Arbeidsgrupper - Trygge lokalsamfunn (TL)

Trygge lokalsamfunn er eit tiltak frå samfunnsdelen til kommuneplanen. I 2014 er det signert intensjonsavtale (underskriven av rådmann og ordførar) mellom kommunen og *Skadeforebyggende forum*. Luster kommune inngår med dette ein gjensidig forpliktande intensjonsavtale med *Skadeforebyggende forum* med sikte på å få godkjenning som «Trygg lokalsamfunn- kommune» basert på dei åtte TL-kriteriane (sjå vedlegg). Kommunen forpliktar seg med dette til å ta i bruk TL-metoden og arbeida målretta for å skape trygge oppvekst- og levekår for sine innbyggjarar. *Skadeforebyggende forum* forpliktar seg til å støtte i prosessen, blant anna ved å bistå med referansar og råd, og legge til rette for erfaringsutveksling og kompetansebygging gjennom TL-nettverket.

Tiltak frå samfunnsdelen til kommuneplanen:


Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Utvikle Luster kommune som «Trygg lokalsamfunn-kommune»	Vert arbeidd med jf. tekst under. Søkje om formell godkjenning i 2015 – 2016.	Fylkeskommunen

TL er eit WHO- konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange aldersgrupper og type skadar kan reduserast med 25 – 40% dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt.

Styringsgruppa i arbeidet med Trygge lokalsamfunn er folkehelserådet. Styringsgruppa har gått inn for 4 satsingsområde med ei arbeidsgruppe for kvart område med tilhøyrande mandat som følgjer under:

1. Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
2. Trygge eldre – førebygging av fall
3. Landbruk – førebygging av ulykker
4. Lokal skaderegistrering

Trygge lokalsamfunn



Satsingsområde 1. Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen

Arbeidsgruppa skal bestå av tre medlemmar med medlemmar frå skule - oppvekst. Ein kan byrja med 2 – 3 skular som pilot. Det kan vere greitt å starte med enkle tiltak som bruk av refleksvest og hjelm. Ein kan og velje enkelte klassetrinn.

Mandat:

- Arbeide med satsingsområde 1 innafor Trygge lokalsamfunn (TL) Luster.
- Kort beskrivelse av gjennomførte tiltak, pågåande tiltak og planlagde tiltak som er med på å sikre trygg skuleveg og til å gå eller sykle til skulen (sjå vedlegg).
- Tiltaka skal gjennomførast systematisk (inn skulen sitt årshjul), og ein skal måle effekt (døme: elevane tel kor mange som brukar hjelm). Dette blir dokumentert på hensiktsmessig måte.
- Medverking i TL arbeidet er sentral, døme: spør borna om dei har forslag til korleis ein kan få opp bruken av hjelm/refleksvest.
- Det er viktig å legge opp til samarbeid med frivillige og næringsliv. I dette kan ein bla. samarbeide med FAU på skulane.
- I høve valde tiltak: Arbeidsgruppa syter for system på: måling av effekt, evaluering og rapportering.
- Valde tiltak må vise til forskningsbasert kunnskap (sjå: Trygg trafikk, *skadeforebyggende forum* mm)
- Arbeidsgruppa rapportera til Folkehelse råd, som syter for rapportering i kommunen sin årsrapport.

Stikkord:

- på/av stiging buss, refleksvest, hjelm

- alle elevar skal ha trygg skuleveg

- tilrettelegge for, og ha ei målsetning om at alle elevar med trygg skuleveg skal gå eller sykle til skulen. For barn som blir transportert med buss eller bil ev. egne drop punkt. Samarbeide med FAU og andre involverte.

- [Sjå ulike sjekklister](#)

Tanken er at ein får inn gode system. Dvs. set i verk tiltak og måler effekt av tiltak. Eksempel: utdeling av refleksvest og deretter ein oppteljing av kor mange som brukar den. Gjerne då at elevane sjølve er med på oppteljinga. Dersom elevane sjølve er med på å registrere trur me: 1. Dei tykkjer det er morosamt og 2. Det er større moglegheit for at dei brukar den. Brukarmedverking er sentral i TL arbeidet. Ein effekt av å systematisk spørje borna om deira råd er at dei tek meir ansvar.

Trygge lokalsamfunn

Internasjonal idé – nasjonalt nettverk – lokale initiativ

Trygge lokalsamfunn er den norske tilpassinga av det internasjonale Safe Communities, eit WHO-tilknytt program for lokalt skade- og ulykkeførebyggjande arbeid som byggjer på:

Forankring i kommunen (planverk/leiing)

Samarbeid på tvers av sektor- og organisasjonar

Livsløpsperspektiv og heilheitleg tilnærming med spesielt fokus på utsette grupper

Tiltak og prosjekt basert på forskning og erfaring, data og lokal registrering

Modellen er eit nyttig verktøy for kommunar som skal operasjonalisere dei krav og målsettingar om sektorovergripande, tverrsektorielt samarbeid og førebyggingsperspektiv som blir stilt i *Samhandlingsreformen* og den nye *Folkehelseloven*.

Skadeforebyggende forum har ansvar for å utvikle og koordinere arbeidet i Norge, og deltek som Affiliated Center også i det internasjonale utviklingsarbeidet av Safe Communities.

Klokskap satt i system